


# FISKEGUIDE FOR FYRESDAL



# VELKOMMEN TIL FYRESDAL

Med eit areal på totalt 1277 km<sup>2</sup> og meir enn 390 vatn over 10 dekar har Fyresdal kommune god plass til dei som kjem hit for å oppleve natur og fiske-lykke. Naturen er kupert og variert, og vekslar frå svaberg og sandstrender til høgfjell og nutar. Skogane er lyse og opne, med mykje furu.

Hovuddalen ligg i retning nord-sør. Her finn du Fyresvatn, som er ca 25 km lang og ein av dei djupaste innsjøane i landet (>370 m). I nordenden av vatnet bur også dei fleste av dei vel 1300 innbyggjarane i kommunen. Elles er Fyresdal kjent for sine mange sidedalar med små gredner og gamle heiegardar.





## KVIFOR HAR VI LAGA EIN FISKEGUIDE?

Det vi først og fremst ynskjer med denne guiden er å gje alle som besøker oss gode naturopplevingar i samband med det å fiske, anten dei er erfarene fiskarar, eller prøvar fiskestonga for første gong.

Mange kjem til Fyresdal nettopp for å fiske, andre har ikkje fiska før, men gleda ved å få ein fisk på kroken er like stor anten du er nybyrjar eller erfaren fiskar. Vi har derfor plukka ut 15 gode fiskeområde, som alle har ulike eigenskapar.

Nokre område passar for heile familien, andre ligg langt frå bilveg i eit vanskelegare terren og eignar seg derfor betre for dei som likar større utfordringar.

Andre vatn, som t.d. Skrevatn og Bondalsvatn er gode fiskevatn og lett tilgjenglege, men er ikkje omtala i guiden.

I guiden vil du og finne informasjon om sportsfiske, omtale av ulike fiskeartar, tips om fiskereidskap, fiskemetodar og ein oversikt over stader som sel fiskekort.

Skitt Fiske!

Denne fiskeguiden er utarbeidd som eit fellestiltak i BESST- prosjektet, der Fyresdal er med som partner. BESST- prosjektet skal auke lokal verdiskaping gjennom naturbasert reiseliv og foredling (sjå også [www.besst.org](http://www.besst.org)). Som eit vedlegg til denne fiskeguiden finn du ein liten foldar som omtalar prosjektet og dei verksemndene som er med så langt. Vi vonar du set pris på vår flotte natur og ei næringsutvikling som baserer seg på å take vare på naturkvalitetane.

<b>FISKEN I FYRESDAL</b>	<b>5</b>
Aure (Salmo Trutta)	5
Røye (Salvelinus Alpinus)	5
Sik (Coregonus Lavaretus)	6
Bekkerøye (Salvelinus Fontinalis)	6
Ørekype (Phoxinus Phoxinus)	6
<b>FISKEREGLAR</b>	<b>7</b>
<b>FISKEOMRÅDE OMTALA I GUIDEN</b>	<b>8</b>
Fiskekort	8
<b>TIPS OM REISKAP OG FISKEMETODAR</b>	<b>34</b>
Fiske med makk	34
Fiske med sluk	35
Fiske med fluge	36
Fiske på isen	37
Dorging	37
Fiskeknutar	38
<b>HANDTERING AV FANGSTEN</b>	<b>39</b>
<b>FISKERETTAR</b>	<b>40</b>
<b>FISKEKULTIVERING</b>	<b>42</b>
<b>UTSAL AV FISKEKORT FOR FYRESDAL FISKEFOND</b>	<b>42</b>
<b>FISKEUTSTYR</b>	<b>43</b>
<b>OVERNATTING, ETESTADER, AKTIVITETAR I FYRESDAL</b>	<b>44</b>

"I never lost a little fish - yes I am face to say it was always the biggest fish I caught that got away" - Eugene Field, 1889.

### Aure (*Salmo trutta*)

I dei fleste vatna er aure den einaste fiskearten, og for 150 år sidan var det ikkje andre fiskeartar i Fyresdal. Auren høyrer til laksefiskane, men utsjånaden kan variere ganske mykje. I større innsjøar er auren ofte blank med svarte prikkar, og



i småbekkar er han gjerne brun eller bronsefarga med raudde prikkar. Fargen varierer også med korleis botnen er. På grusbotn er auren som regel lys og i myrtjønnar mørk.

Auren lever for det meste av krepsdyr, insekt, muslingar og fisk. I vatn med sik og røye kan ein del av auren gå over til å ete fisk. Han kan da utvikle seg til storaure på fleire kilo. Utan fiskediett blir auren neppe særleg større enn eit par kilo. I bekkar og vatn med gode gyteforhold blir auren som regel mykje mindre.

Auren må vanlegvis på rennande vatn for å gyte. Gytetida er helst i slutten av oktober, men noko av den større auren kan gjerne ta til å trekke mot elvane så tidleg som i slutten av august. Han er elles relativt stasjonær, særleg i elvar og bekkar.

### Røye (*Salvelinus alpinus*)

"I spent most of my life fishing. The rest I just wasted" - ukjend.

I Fyresvatn blei det sett ut røye på slutten av 1800-talet. I tillegg til Fyresvatn finst det også røye i Drang, Flatlandsvatn og i Kleivtjønn.

Røya høyrer også til laksefamilien og likar seg best i kalde, klare og næringsfattige vatn. I motsetnad til auren streifar røya gjerne meir rundt i stimar. Hovudnæringa er plankton og insekt. Der det også finst sik vil konkurransen frå siken ofte presse røya ut på djupare vatn, der ho sjeldan blir noko stor.

Elles veg røya gjerne 100- 200 gram, og er da som regel raud i kjøttet.



Røya gyter på grunnar av stein og grus ute i vatna på seinhausten. Garnfiske på slike "varp" under gytinga kan gje gode fangstar. Under gytetida har særleg hannfiskene ei flott raud gytedrakt med kvite kantar på finnane. Elles er røya som



regel nokså blank eller grønaktig på sidene og raudleg under buken.

### Sik (*Coregonus lavaretus*)

Siken høyrer til laksefiskane og er den dominerande arten i Skrevatn, Fyresvatn og Drang. I Bondalsvatn finst det også sik. Siken er ein typisk planktonetar som gjeng i stim i dei frie vassmassane. Han skil seg i frå dei andre fiskane i Fyresdal mellom anna ved å ha store, blanke og litt lause skjell. Ryggen er mørk, sidene blanke og buken blank eller kvit. Siken har liten munn og overbitt. I Fyresvatn gjeng det nå vanlegvis 3 sikar på kiloen, medan siken i Skrevatn bare er 60 - 70 gram. Men her finst det også enkelte store eksemplar som truleg lever meir av insekt og andre smådyr.

Siken gjeng som regel opp mot dei større elvane for å gyte nær jul.

### Bekkerøye (*Salvelinus fontinalis*)



Dette er ein nordamerikansk laksefisk. Fordi han synes å greie seg betre i surt vatn enn aure blei han på slutten av 1970-talet ofte sett ut i fiske-tome vatn. Ein meinte da at arten ikkje kom til å formeire seg og danne permanente bestandar. Seinare har det visa seg at bekkerøya formeirar seg utan problem fleire stader i Fyresdal. Men etter kvart som det er blitt leveleg att for auren synes bekkerøya ofte å bli utkonkurrert, og har nå gått sterkt attende.

Bekkerøya har ikkje prikker, men er fint marmorert i brunt og grønt langs sidene. Kroppsfasongen er ofte høgare enn hos aure og røye. Bekkerøya har mykje av det same leveviset som vanleg aure, men synes å ha lett for å døy etter gyting. Bekkerøya blir derfor svært sjeldan over 1 kg.



### Ørekryte (*Phoxinus phoxinus*)

I 1998 blei det for første gong funne ørekryte i Skrevatn. Skrevatn har ikkje samband med andre vatn i kommunen, og dette er til nå det einaste vatnet i Fyresdal der arten er funnen.

Ørekryta er ein liten karpefisk som sjeldan blir større enn 10 cm. Han gjeng ofte i stim på grunt vatn, og likar seg godt der det er varmt og ein del vegetasjon. Han skil seg frå auren ved å mangle feittfinne, men har elles same fasong.

Ørekryta kan bli svært talrik, og er ein alvorleg næringskonkurrent for småaure. Ho tek også aurerogn. Størst skade synes ho å gjera i terskeldammar i regulerte


elvar og i grunne småvatn, der det frå før bare var aure. Slike stader har aurebestanden gått kraftig attende. Det er derfor viktig at ho ikkje får spreie seg til andre vatn i Fyresdal!

Før 1960 fanst ørekyta stort sett bare i lågareliggende strøk på Austlandet og i nokre vassdrag i Troms og Finnmark. Seinare har arten spreidd seg til alle fylke, og finst nå i alle større vassdrag på Sørlandet. Ulovleg bruk av ørekyte som levande agn har truleg vore ein viktig spreiingsårsak. Arten kan også ha spreidd seg ved at han har blanda seg med settefisk av aure. Ørekyta gyter over ein nokså lang periode på forsommaren, og det kan vel også hende at rogn har klis tra seg fast og blitt overført på den måten. Ho synes elles å kunne forser fos sar og stryk nesten like godt som auren.

## FISKEREGLAR

*"There's a fine line between fishing and just standing on the shore like an idiot" - Steven Wright.*

- Kjøp av fiskekort gjev rett til fiske med stong og handsnøre i dei områda fiskekortet gjeld for. Dei som skal fiske plikter å orientere seg om kvar det er lov å fiske og om dei reglane som gjeld.
- Ungar under 16 år kan etter Lov om innlandsfiske fiske fritt med stong og handsnøre fram til 20. august kvart år. Ved kontroll har ein plikt til å syne fram fiskekort eller legitimasjon.
- Fiske med levande fisk som agn og spreiling av nye fiskeartar er forbode! Hjelp oss å halde vatna frie for ørekyte også i framtida!
- Hugs fare for skogbrann! Det må ikkje gjerast opp open eld i tida 15. april - 15. september.
- Far varsamt i naturen. Kast ikkje frå deg avfall, fiskenenre eller liknande. Vis omsyn til andre turfolk og tenk deg om når du bryt granbar og samlar ved til bålet.



Nr.	Områdenavn	Nivå	side
1.	Fyresvatn	familietur /sportsfiske	11
2.	Valebjørg	familietur /sportsfiske	12
3.	Momraksheia og Strondtjønn	sportsfiske	14
4.	Nutetjønnane og Hønetjønn	familietur /sportsfiske	16
5.	Husstøylvatn og Rolleivstadvatn	familietur	17
6.	Sveinsheia	sportsfiske	18
7.	Øyuvsvatn	familietur /sportsfiske	20
8.	Finndøl fra Torsdalsdammen til Haukrei	familietur	22
9.	Kleppsvatn	familietur /sportsfiske	22
10.	Åslandsheia	sportsfiske	24
11.	Birtedalen nord for Birtedalsvegen	sportsfiske	26
12.	Birtevatn	familietur	28
13.	Hengeltjønn	familietur	29
14.	Fiskevotnæ	sportsfiske	30
15.	Drang	familietur	32

**FISKEKORT**

Kommunen er delt inn i 5 fiskekortområde organisert i Fyresdal Fiskefond. Desse områda har eit felles fiskekort. Den som vil fiske må bestemme seg for kva kortområde han ønskjer å fiske i. Mot eit lite tillegg i prisen kan ein med same kortet fiske i meir enn eitt område.



I tillegg til den delen av kommunen som er organisert i Fyresdal fiskefond er det også eit par område med eigne fiskekartordningar. Under omtala av kvart enkelt fiskeområde finn du informasjon om kva for fiskekart du treng og kor du får kjøpt det. Oversikt over salgstader finn du side 42 og 43.

Ein av dei større innsjøane i Vest-Telemark, med gode bestandar av aure, sik og røye.

### Turforslag

Fyresvatn er lettast tilgjengeleg i nordenden frå Momrak og oppover og nede i Kilegrend. Her gjeng riksvegen i stutt avstand til vatnet. I Kilegrend kan ein elles køyre over dammane til Lønnegrav gravplass. Til Valebjørgsbukta gjeng det skogsbilveg ned ved Valebjørg og litt lenger nord ned til Vik og Skomdal.

Fylkesvegen til Birtedalen gjeng langs vestsida av vatnet sørover til Breivik. Her er det mange fine fiskeplassar, men fiskekortet gjeld bare til og med Vik.


### Fiske

Næringsfiske i større målestokk har gitt klart positivt utslag på fisken i vatnet. Det gjeld kanskje særleg røya, som nå er av verkeleg fin kvalitet. Vatnet er også kjent for sin bestand av storaure.

### Fiskekort

Mesteparten av vatnet er tilgjengeleg for fiske med både sportsfiskereiskap og garn. Kort kan løysast for fiskekortområde 1 eller 2, alternativt begge område. I nordenden av vatnet blir det bare selt garnkort for perioden 5. 10. til 31.12. For sørrenden av vatnet (frå og med Momrak) er det mot kjøp av garnkort høve til fiske med garn heile året.

Fiskekort er mellom anna å få kjøpt på Øyne camping i Kilegrend, Momrak verkstad, Airparc Fyresdal og hos Turistinformasjonen i Fyresdal.



500 0 1000 2000 3000

Meters

1:150000



Heiområde 550 - 800 moh aust for Valebjørgsgardane ved Fyresvatn. Nokre av vatna strekkjer seg innover mot grensa til Nissedal. Ope furuskog og lynchear med enkelte granholer innimellom.

### Turforslag

Vatna er lettast tilgjengeleg frå skogsbilveg frå Valebjørg. Denne vegen er ca 7 km lang og gjeng til Holmvatn og Midvatn. Vegavgift må betalast på Valebjørg. Frå vegen gjeng det merka turløype frå Himmelstøy opp Maurdalsrista over til Fjone. Elles greitt synleg stig frå Fiskebu langs Holmvatn mot Siple.

### Fiske

Dei fleste vatna ligg i Kilåvassdraget, som er varig verna mot kraftutbygging. Holmvatn er det største vatnet (ca 1300 da). I samband med Holmvatn har ein også vatna Nuvatn og Midvatn. Særleg Midvatn har svært mange øyar og holmar. Vidare nordover frå Holmvatn finst det fleire småvatn med stutte avstandar i mellom. Alle vatna har tidlegare blitt fisketomme på grunn av sur nedbør. Etter kalking og utsetting av fisk er det nå fisk i nesten alle vatn, og dei fleste av dei kan by på eit godt fiske.


### Fisketipset

Nuvatn er bare tilgjengeleg for fiske med fluge. Elles er sjansen for fisk størst i mai/juni.

### Fiskekort

Valebjørg Utmarksliv har eige fiskekort for 21 vatn, som er til sals på Valebjørg. Dei som vil fiske i Midvatn og Sandvatn kan løyse fiskekort for fiskekortområde nr 1 i Fyresdal fiskefond. Utsalsstader er mellom anna Øyne Camping i Kilegrend og hotell, forretningar og bensinstasjonar i Fyresdal sentrum. Interesserte kan søke websidene til Valebjørg Utmarksliv eller kontakte valebj@frisurf.no.





Fleire vatn rett nord og aust for den høgaste delen av riksveg 355 mellom Tjønnfoss og Krossli. Her er det ca 15 vatn der kalkinga tok til tidleg på 1990-talet. Fleire av vatna ligg meir enn 800 moh. i glissen fjellskog med ein del røsslyngmark og snaufjell innimellom.

#### **Turforslag**

Strondtjønn er på ca 400 da og er eit godt alternativ for dei som ønskjer eit lett tilgjengeleg fisketilbod. Tjønna ligg like inntil Napevegen mellom Momrak og Fjone. Vegen er open mot betaling av avgift.

Til dei andre vatna må ein elles vera innstilt på å gå eit stykke. Det er fleire aktuelle utgangspunkt. Frå hyttefeltet på Våmur er det relativt stutt veg inn til Fisketjønn og Fritjønn, men bilvegen inn i hytteområdet er stengt med bom ved riksveg 355. Lenger nordover langs riksvegen, ved Basthommen er det god parkeringsplass og eit greitt utgangspunkt for dei nærmeste vatna Driftetjønn og Aslhomtjønnane.

Til vatna som ligg lenger inne er det enklast å gå opp i frå vegen langs Napevatn. Denne vegen er open mot betaling av avgift. For å kome til Vindåsen vil traktorvegen til Myrbusteane vera eit godt utgangspunkt for fotturen. For å kome til Osvatn er det lettast å gå opp i frå Strondtjønn innunder Strondnuten. Sjølv om det er litt bratt til å begynne med, er det greitt å gå og lett å finne fram.

#### **Fiske**

Gode fiskebestandar av aure i alle vatn. I Osvatn blir det drive aktiv fiskekultivering med tynningsfiske, og det er planlagt tiltak på gytebekken.

#### **Fiskekort**

Fiskekort for område nr 2 i Fyresdal fiskefond dekker heile området og kan kjøpast fleire stader i Fyresdal og nede på Momrak verkstad. Ein får også kort i landhandelen på Fjone.



500 0 500 1000 Meters

1:50000



## 4. NUTETJØNNANE OG HØNETJØNN

Nokre mindre vatn på heia, ein fin fottur aust for Fyresdal sentrum.

### Turforslag

For å kome til desse vatna bør ein ta til høgre frå riksveg 355 ved Sparebanken Sør. I botnen av bustadfeltet Tøddebakken tek ein første veg til høgre, etter ca 100m ei lita bru og så opp Livegen. I det første krysset ein kjem til tek ein til venstre og i det andre krysset til høgre. Etter vel 200m kan ein parkere ved skogsbilveg som gjeng inn til høgre. Herifrå kan ein følgje traktorveg opp lia forbi Nedre Litjønn og vidare godt synleg stig oppover til Hønestøyl. Det er eit stykke å gå inn til Nutetjønnane og Hønetjønn, men det er ein fin tur og eit flott terreng.

### Fiske

Dei mest aktuelle tjønnane er Hønetjønn, Nutetjønnane og Øvre Litjønn. Nedre Litjønn er ikkje med i fiskekartordninga, og er derfor vanlegvis ikkje tilgjengeleg for fiske. Vatna har frå gode til tynne bestandar med fisk av god kvalitet.


### Fiskekort


Bortsett frå Nedre Litjønn, som er det første vatnet ein kjem til, høyrer vatna med i fiskekartområde nr 2 i Fyresdal fiskefond. Fiskekart er å få kjøpt fleire stader, mellom anna på bensinstasjonane. I Hønetjønn ligg det båt fritt til disposisjon for dei som vil fiske.

500 0 500 1000 Meters N

Ikkje lov å fiske

1:50000





## 5. HUSSTØYLVATN OG ROLLEIVSTADAVATN

To større vatn som frå gammalt av er kjende for den fine fisken sin. I motsetnad til mest alle dei andre vatna på austsida av Fyresdal blei desse vatna aldri fisketome på grunn av sur nedbør.

### Turforslag

Det gjeng skogsbilveg forbi dei gamle heigardane Husstøyl og Rolleivstad. Vegen er stengt med bom på toppen av Geitstadgrend. Mot å betale bompengar kan ein herifrå køyre inn til Husstøylvatn. Forbi Husstøyl er vegen til vanleg stengt. Vegen til Geitstad-grend tek av til høgre frå riksveg 355 i Hegglandsgrend, ca 5km nord for Fyresdal sentrum.

### Fiske

Under utbygginga av Fjone kraftverk blei Rolleivstadvatn demt opp 2,5 m slik at det nå heng saman med Husstøylvatn. Til saman utgjer desse vatna eit areal på ca 3000da. Fisken i begge vatna er kjent for å vera fin og av svært god kvalitet. Fisk over 500 gram er ikkje uvanleg, og det er teke fisk på rundt 2 kg. Vidare innanfor Rolleivstad har ein Gryteheia med Homvatn. Her er det ikkje kalka, men det finst fisk her likevel.

### Fiskekort

Fisket i Rolleivstadvatn og Husstøylvatn er ikkje med i fiskekortordninga for Fyresdal. Kart for fiske med stong og garn i Rolleivstadvatn kan kjøpast på Lunden i Hegglandsgrend, hos Birgit og Einar Mikkelsen, tlf. 350 41 570. For fiske i Husstøylvatn kontakt Sissel og Jon Husstøyl, Bjørge i Hegglandsgrend, tlf. 350 41 377. Gryteheia er med i Fyresdal fiskefond, fiskekortområde nr 3. Fiskekort får ein mellom anna hos Heggland daglegvare.

Sveinsheia ligg nord for Roan, som er fjellmassivet mellom Hauggrend og Vrådal. Høgste toppen på Roan er 1092 moh. Roan er laga av bergarten kvartsitt, med mykje snaufjell og berg.

### Turforslag

Den greiaste måten å kome inn til desse vatna på er å køyre riksveg 355 til Hauggrend og ta vegen til høgre opp forbi Foldsæ (nå Steinerskulen). Skogsbilvegen vidare innover er skilta til Røyningdalen. Her kan ein parkere rett før Røyningdalshytta. Frå vegen er det merka stig vidare innover dalen. Stigen delar seg med ei grein til Kvæven (for dei som vil til Røyningvatn) og ei grein over Valevassberga til Valevatn. Inn til Valevatna er det ca 2 timars gange.


### Fiske

I Sveinsheia er det fleire fine fiskevatn, mellom anna Valevatna og Skintjønn. Også Røyningvatn er med i fiskekortordninga for Fyresdal, sjølv om vatnet ligg i Vrådal. Vatna har i dag gode fiskebestandar, og særleg Skintjønn har lenge vore rekna som eit særskilt fint og godt fiskevatn.

### Fiskekort

Ein kan kjøpe fiskekort for område nr 3 i Fyresdal fiskefond. Kort er å få kjøpt på Hauggrend landhandel, på Fossum Kurs- og Feriesenter og Roan Hytter og Camping i Hauggrend og elles på bensinstasjonar og forretningar i Fyresdal.





Eit stort og grunt vatn på vasskilet mellom Fjellgardane og Kleivgrend. Det første store kalkingsprosjektet i Fyresdal.

### **Turforslag**

For å kome til Øyuvsvatn har ein fleire utgangspunkt å velje mellom. Frå nord gjeng det privat skogsbilveg forbi Skåli. Vegen tek av frå vegen til Fjellgardane, ca 10 km frå riksveg 355.

Frå sør må ein køyre inn forbi Kleivgrend til Libru. Her kan ein ved å betale bompengar kjøre vidare innover til Øysæ. Frå Øysæ gjeng det bilveg inn forbi Mørketjønn, men den vegen er stengt. Det mest aktuelle alternativet er derfor å parkere ved Skåltjønn og gå stigen innover forbi Djuptjønn. Her kryssar ein også den gamle bispevegen over til Setesdal.

### **Fiske**

Vatnet har vore kalka sidan midt på 1980-talet og har nå ein god bestand av aure. Vatnet ligg i eit relativt ope og slett terrenget med glissen bjørk og furuskog.

### **Fiskekort**

Fiskekort kan løysast for område nr 4 i Fyresdal fiskefond. Det er kort å få kjøpt hos Heggland daglegvare eller hos Torgeir Lien inst i Kleivgrend, i tillegg til bensinstasjonar med vidare i Fyresdal sentrum.





500 0 500 1000 Meters

1:50000



## 8. FINNDØL FRÅ TORSDALSDAMMEN TIL HAUKREI

Elvestrekning med mange fine fiskeplassar.

### **Turforslag**

For å kome hit må ein køyre fylkesvegen forbi Kleivgrend til Libru. Ved å betale bompengar kan ein køyre vidare innover til Torsdalsdammen.



### **Fiske**

Dette var tidlegare den kanskje mest attraktive elva for sportsfiske i Fyresdal.

Etter utbygginga av Haukreikraftverk i 1994 er fisket kanskje ikkje fullt så godt, men elva er lett tilgjengeleg og rik på fisk.

### **Fiskekort**

Området er med i fiskekortområde nr 4, og fiskekort kan kjøpast hos Torgeir Lien i Kleivgrend, Heggland daglegvare eller på bensinstasjonar og i forretningar i Fyresdal sentrum.

## 9. KLEPPSVATN

Godt fiskevatn i lett terreng.

### **Turforslag**


Køyr inn forbi Kleivgrend. Betal bompengar ved Libru og parker ved Skåltxønn. Herifrå gjeng det stigar rett sørover mot Kleppsvatn. Mellom Skåltxønn og Kleppsvatn er det eit hyttefelt, men rundt Kleppsvatn er det ikkje mange hytter.

### **Fiske**

Vatnet er grunt og med furuskog ikring. Vatnet har ein god bestand av aure, fin kvalitet.

### **Fiskekort**

Kleppsvatn er med i fiskekortområde nr 4. Fiskekort kan kjøpast hos Torgeir Lien i Kleivgrend, Heggland daglegvare eller på bensinstasjonar og forretningar i Fyresdal sentrum.



Flott fjellområde med mange små vatn og tjønnar. Her kan ein få verkeleg fin fisk. Ei utfordring for sportsfiskaren som ønskjer seg litt meir....

### Turforslag

Det kan vera litt strevsamt å kome til Åslandsheia, og rutevalet vil vera avhengig av på kva for kant av heia ein vil fiske. Frå Åslandsgrend gjeng det an å køyre inn til Breiva (Åslandsmyrane). Herifrå gjeng det stig (eller du kan gå traktorvegen) opp "Stigane" og vidare stig forbi Tjønnekvæven mot Tjønnefjell.

Ein kan også gå inn frå Kleivgrend. Frå Skåltxønn gjeng det godt synleg stig forbi Djuptjønn. Hugs bompengar ved Libru inne i enden av Kleivgrend.


Det gjeng også an å gå rett opp frå Gården i Kleivgrend forbi Bergland, som nå er fråflytt. Dette er ein svært fin tur, men bratt! Ver obs på fare for ras.

På nordsida av Åslandsheia ligg Hovdetjønnane. Hit kan ein mellom anna kome via Tjønnekvæven og baksida av Tjønnefjell. Her er stigen tydeleg fram til Bembedalen og vidare til Fåntjønn. På høgda etter Fåntjønn svingar du nordover, og etter om lag ein kilometer er du ved Hovdetjønnane. Alternativ rute er frå Skåli i Fjellgardane. Dette er også ein fin retur.

### Fiske

Hovdetjønnane var mellom dei første kalkingsprosjekta i bygda, og blei kalka på 1980-talet.

Eit av dei siste vatna som blei kalka er Kroktjønn. Det er eit typisk høgfjellsvatn med flott fisk, ca 950 moh. Elles har Åslandsheia også mange andre tjønnar som kan by fiskaren på hyggelege opplevingar.



## Fisketipset

Vatna høver godt for både sluk, spinnar og makk. Særs bra for flugefiske. Mindre høveleg for ungar. Kastedupp med makk om kvelden kan gje godt resultat.

## Fiskekort

Åslandsheia er med fiskekortområde nr 4. Fiskekort kan kjøpast hos Torgeir Lien i Kleivgrend, Heggland daglegvare eller på bensinstasjonar og forretningar i Fyresdal sentrum.

Dette er eit verkeleg flott område for dei som ønskjer å farte litt i heia frå vatn til vatn med fiskestong. Det er kanskje også det mest populære fiskeområdet i Fyresdal. Vassdraget er varig verna mot kraftutbygging, og er lite påverka av vegar og andre tekniske inngrep.

### **Turforslag**

For å kome inn til Sundbekk, Øytjønn, Furetjønn med fleire vil det vera høveleg å gå stigen frå øvst i Ljosdalen ved Birtedalsvegen. Da passerer ein Lomtjønnane, der det også er bra med fisk.

Etter å ha køyrt vidare mot Øvre Birtedalen kan ein også parkere i botnen av vegen ved den gamle kraftstasjonen i Birtedalen. Her gjeng det lett synleg stig på vestsida av åa forbi Brutjønn mot Ufstjønn og Gjevarvatn.

Frå enden av Birtedalsvegen ved Kile gjeng det privat veg vidare mot Kvipt. Frå denne vegen er det i seinare tid bygd veg opp Griddalen til den gamle støylen Flottæ og Øyarvatn. Nyklar til bommen kan ein få leid i Butikken i Birtedalen.


### **Fiske**

På 1980-talet syntes det som om fisken var blitt borte i mest alle vatn. Etter kalking blei det stort sett ikkje sett ut fisk, men det har visa seg at det var att såpass av den gamle fisken at det har vore nok til å få fiskebestandane attende igjen. Enkelte vatn med gode gytevilkår er derfor nå i ferd med å få litt for mykje fisk.

### **Fiskekort**

Birtedalen er med i fiskekortområde nr 5 i Fyresdal fiskefond. Fiskekort kan mellom anna kjøpast på Butikken i Birtedalen, ved Tovsli. Her kan ein få lånt garn gratis for fiske i Sandvatn og Øyarvatn. I Øyarvatn har Butikken også båt til leige.





500 0 500 1000 Meters

1:50000



Stort vatn sentralt i Birtedalen.

## Turforslag


Vatnet er lett tilgjengeleg frå fylkesvegen til Øvre Birtedalen og Kile. Her er det også ein god del hytter.

## Fiske

Birtevatn er nær 4 km<sup>2</sup> stort. Vatnet har aldri vore fisketomt og har nå ein tett bestand av aure. Mykje av auren er raud i kjøttet.

## Fiskekort

Birtevatn er med i fiskekortområde nr 5 i Fyresdal fiskefond. Fiskekort kan mellom anna kjøpast på butikken i Birtedalen, ved Tovsli. Her kan ein også få lånt garn gratis for fiske i Birtevatn. Kviptejønn ved Kvipt like innanfor enden av vatnet er ikkje med i fiskekortordninga, men gjester på Kvipt gjestegard kan fiske gratis. Kvipt gjestegard disponerer også båt for fiske i Birtevatn og Midttjønn, i samband med bruk av feriehuset Kvipteplass.





### 13. HENGELTJØNN

Fint vatn innunder sørsida av Nasefjell i Birtedalen.

#### Turforslag

Hengeltjønn ligg rett nord for Berge ved Nesvatn. Turistløypa til AOT gjeng rett forbi i nordenden av vatnet. Hengeltjønnloftet er ei ubetjent turisthytte i norden den av vatnet. Turistløypa endar i vegkrysset mellom Øvre og Nedre Birtedalen, og dette er derfor eit fint utgangspunkt for turen. Det gjeng også an å gå opp i frå Berge. Her er det laga ein enkel veg opp til Hengeltjønn. Det er også merka turløype frå Breivikskleivane ved Birtedalsvegen.

#### Fiske

Det er eit fint fiskevatn. Vidare aust for vatnet er det nokre småtjønnar der det også er rikeleg med fisk. Eit stykke sør for Hengeltjønn er også Sandvatn kalka og forsynt med settefisk.

#### Fiskekort

Hengeltjønn er med i fiskekortområde nr 5 i Fyresdal fiskefond. Fiskekort kan mellom anna kjøpast på butikken i Birtedalen, ved Tovsli.

Fiskevotnæ er to grunne vatr med mange holmar og nes på vasskilet mellom Bindalen og Nesvatn. Her på grensa mot Gjøvdal er det også fleire andre fine fiskevatn.



### Turforslag

Området er greitt tilgjengeleg med turistforeininga sitt turløpenett frå Gjevdeli ved Gjevden til Mjåvasshytta, og frå Vindilhytta til Nilsebu og Mjåvasshytta. Mjåvasshytta ligg på Gjøvdalsida av Mjåvatn, og er ei flott og særmerkt turisthytte med god kapasitet. Det er også lett å gå opp i frå Nesvatn litt nord for Fiskåne og følgje vassdraget oppover mot Stokktjønnane og Fiskevotnæ.

Frå Kilegrenn gjeng det skogsbilveg opp Bindalen. Her er det ca 3 kvarters gange langs stig frå Nussli i enden av vegen og opp til Austre Fiskevotnæ. Siste del av stigen er den merka turistløypa frå Hengeltjønnloftet/Birtedalen til Vindilhytta/Mjåvasshytta. Vegen i Bindalen er open mot betaling.

### Fiske


I Fiskevotnæ blei det kalka og sett ut fisk i 1994, i Øyvotnæ i 1997 og i Mjåvatn i 2002. Det er vanleg med fisk i storleiken 200 - 500 gram.

## Fisketipset

Fisket er best i mai/juni. Skeisluk tidleg på våren, seinare mest spinnar, gjerne i raudt og kopar. Fiske med makk og med fluge kan også vera effektivt, med kastedupp i vatna og med flugestong i elva.

## Fiskekort

Dei fleste vatna blir dekt av fiskekortområde nr 1 i Fyresdal fiskefond. Kort kan kjøpast på Øyne camping i Kilegrend, hos Jakt og Friluft eller AOT i Arendal eller i butikken i Birtedalen. Det er også fleire stader i Fyresdal der ein kan få kjøpt kort.




Drang ligg nedanfor Fyresvatn og heng saman med fleire andre vatn med svaberg, sandstrender og furuskog ikring. Enkelte hytter, men også mange urørte område.

### Turforslag

I Kilegrend har Fyresvatn to utløp. Hovudutløpet er gjennom Glomfoss og vidare ned gjennom Bjønnssund til Drang. Det andre utløpet er over Russdammen til Flatlandsvatn og vidare gjennom Straumen til Drang. Drang får også tilløp frå mellom anna Kilæi og heng saman med Kleivtjønn innanfor riksveg 355.

Frå riksvegen på austsida av Drang gjeng det veg over på vestsida av vatnet via dammane til Fyresvatn. Vatna er lett tilgjengelege, og med båt kan ein stort sett ta seg greitt i frå det eine vatnet til det andre. Den merka turløypa Øynuten rundt på ca 7 km gjeng i nær kontakt med vassdraget og fleire gode fiskeplassar.





## Fiske

Som i Fyresvatn er det i Drang også røye og sik. Røya er småfallen og av därleg kvalitet, medan aure og sik er av middels god kvalitet. Det blir også fanga noko storaure i vatnet. Her er mange fine fiskeplassar, mellom anna nedunder Glomfoss.

## Fisketipset

Sikfiske med fluger på små krokar i Bjønnsund kan gje ei fin oppleveling. På våren kan ein prøve røya på makk frå Kilandsbrua. Ein del prøvar også isfiske etter røye.

## Fiskekort

Vatna er med i fiskekortområde nr 1 i Fyresdal fiskefond. Det blir i tillegg til kort for sportsfiske også selt garnkort. I tida 20.8 - 1.11 er det ikkje lov å fiske med garn opp forbi Bjønnsundbruene. Fiskekort kan ein mellom anna kjøpe på Øyne camping i Kilegrend. Her kan ein også få leigd båt.

*"Den fyrste sportsfiskaren var han som fyrst sneik seg av garde til bekken for å fiske når stamma hans ikkje hadde noko behov for fisk" - Roderick Haig-Brown -*

Både aure og bekkerøye er fisk som høver for det meste av sportsfiske. Bit godt på både fluge, sluk og makk. Røya er det nok vanlegast å fiske på isen om vinteren, men ho kan la seg freiste sommarstid også. I Kilegrend er det ofte ein del røye å få på makk oppunder Glomfoss og Russdammen, og om våren også under Kilandsbrua. Røya er ofte noko meir lausbitt enn auren.



Siken er det vanskelegare å få på kroken, men om vinteren er han gjerne ganske aktiv. Bruk blanke pilkar med eit par opphengarar med ca  $\frac{1}{2}$  m mellomrom ovanfor pilken. Opphengarane kan vera

små våtfluger, maggot ellernymfer. Dei vanlege krokane er ofte for store for siken, og bør erstattast av maggotkrok, som får henge i ein liten stump under pilken. Prøv på fleire djup, men du treng ikkje skifte borehol så ofte.

Siken kan også fiskast med fluge om sommaren, særleg når han gjeng i stim på elvestraumen. Nedre del av Bjønnsund i Kilegrend kan vera verdt å prøve i så måte. Bruk da så lang fortaum som råd. Små svarte og brune våtfluger, krok nr 18 - 20. Fisket er gjerne best tidleg om morgonen og seint om kvelden og utover natta.

### Fiske med makk

*"Even a bad day of fishing is better than a good day at work" - ukjend.*

Makkfiske stiller ikkje så store krav til utstyret, og for mange har fiske med makk og stong av heil bambus vore det som markerte starten på fiskarlivet. Ei enkel snelle, vanleg monofilamentsene i 0,20 - 0,25 mm og ei litt lang stong, gjerne 9 - 10 fot er det ein treng.

Etter aure er fiske på botnen det som får makken til å sjå mest naturleg ut. Ein brukar gjerne eit sokke, eks 10 gram, som får gli fritt på sena. Søkket glir da ned til ein svivel. I andre enden av svivelen er det ein ca 60 cm lang fortaum som er noko tynnare enn hovudsnøret. Kroken bør vera spiss og ikkje for stor. Storleik 6 eller 8 er som regel passe. Bruk eit par mellomstore makk og dekk ikkje til krokspissen. Det gjev bare dårlegare kroking.

Der botnen er svært ujamn eller gjørmute kan det lønne seg å la makken henge fritt i vatnet. Andersduppen har vore mykje bruk til slikt fiske, men tynne glide-dupper med splitthagl nedanfor og glidande stoppknute ovanfor duppen er ofte vel så effektivt.

Etter å ha kasta ut agnet kan ein sette stonga i frå seg og vente. Ein y-kvist fungerer som stonghaldar. Om ein vil sleppe å følge med stonga heile tida kan ein montere ein nappvarslar. Det kan vera ei lita bjølle på tuppen av stonga eller la stonga ligge vassrett peikande mot agnet og legg ein tung mynt oppå snellespolen. Rett under spolen kan ein setje kaffikjelen, steikepanna eller liknande. Når fisken vil dra i veg med agnet, dett mynten ned i kjelen og vekker sjølv ein sovande fiskar.

## Fiske med sluk

*"No day spent teaching a child to fish is wasted" - Louis Bignami.*

Her er gjerne det lettaste utstyret det beste, som til dømes ei lita lett haspelsnelle (av god kvalitet) med 100 m monofilament sene 0,20 mm tjukk og ei 6 - 8 fots stong for lette kastevekter (2 - 10 gram). Bruk så lette slukar som mogleg. I store vatn, i vind og tidleg på året brukar ein ofte litt større slukar (10 - 12 gram). Til auren er ofte slukar i raudt og kopar bra, til dømes Sølvkroken Spesial 7 gram eller spinnarar av typen Panter Martin, Droppen og mepps. Om natta gjev mørke slukar best silhuett mot overflata. I regn og kaldt vatn kan fluoriserande fargar vera bra.



Ved fiske med skeisluk er det viktig å variere innsveivinga og lage små stopp undervegs. Bruk alltid svivel med slukhempe for å unngå tvinn på snøret. Den beste tida for fiske med sluk og spinnar er gjerne i perioden etter at isen er gått og fram mot juli. Midt på sommaren er vatnet ofte i varmaste laget, og auren er lite biteviljig. Da er han ofte lettast å få midt på natta. Er det kaldt i veret kan det vera best å fiske midt på dagen.

Stille vatn, varme og sol gjev som regel därleg slukfiske. Da er det betre å bruke makk eller fluge. Men når det bles opp, skyar over eller tek til å regne vil auren bli mindre var og lettare ta slukken.

## Fiske med fluge

*"There is no use in you walking five miles to fish when you can depend on being just as much unsuccessful near home" - Mark Twain.*

Å fiske med fluge krev litt øving. Flugestonga bør vera ca 9 fot lang og med ei snelle der det gjeng an å stille bremsemotstanden ned til det minimale. Snøret er viktig, og her finst det mange typar og klassar å velje mellom. Bruk eit Weight Forward (WF) flytesnøre i AFTM klasse 6 eller 7 som passar til stonga. Innerst på spolen bør ein ha ei bakline av monofilament på ca 50 m. Fortaumen bør vera om lag like lang som stonga og tynnast ytst mot fluga (tapert).



Ved val av fluger vil ein ofte bruke noko som imiterer dei insekta fisken jagar etter. Særleg når det er mykje klekking av ein art ser det ut til at fisken kan bli svært selektiv og ikkje ta anna enn dei insekta som klekker der og da. Da gjeld det å ha ein naturtru kopi av by fisken. Elles bit fisken ofte i rein affekt, og da kan gjerne ei rein fantasifluge vera det som skal til for å utløyse hoggininstinktet.

Tidleg på sesongen når det er kaldt i vatnet er det gjerne godt å fiske med våtfluger. Slike fluger vil søkke. March Brown, Butcher, Olsen med vidare er klassiske flugemønster som kan vera bra til å begynne med. Elles er gjernenymfer bundne av dyrehår gode, som til dømes ein "muddler" som kravlar bortetter vassoverflata. Svarte Montanonymfer, som imiterer augnestikkarnymfer kan også vera bra.

Av måten fisken vaker på kan ein ofte finne ut kva fisken er ute etter. Tydelege og store vak viser at fisken tek ferdig klekte insekt eller insekt under klekking på vassoverflata. Da er gjerne tørrfluger det rette. Fluger som imiterer maur fiskar som regel bra. Da kan ein bruke maur i celleplast, som gjev fluga god oppdrift. Elles må ein ofte ha eit flytemiddel til å sette inn tørrflugene med slik at dei flyt.

Mange av tørrflugene er døgnflugeimitasjonar. Karakteristisk for døgnflugene er venger som står rett opp og 3 lange haletrådar. Det finst mange artar, men i Fyresdal er det som regel ikkje meir enn 1 - 2.

Det gjeng også an å fiske med klastedupp og våtfluge. Det er ein metode som kan vera effektiv særleg i større elvar. I innsjøar må det helst vera ein del vind for å unngå å skremme bort fisken.

## Fiske på isen

"Fishermen are born honest, but they get over it" - Ed Zern.

Røya trivst godt i kaldt vatn, og er ofte den fisken ein får mest av om vinteren. Det beste røyefisket er tidleg på vinteren så snart isen er sterk nok og så seint som mogleg om våren. Røyeblenk med skarpe raudfargar imiterer buken på gyterøyer og dreg andre fiskar til seg. På vårparten gjeng røya ofte inn i grunne viker med mudderbotn for å beite på insektlarvar. Mormyskha agna med fjørmygglarvar eller maggot kan da vera eit betre alternativ. Til stor røye skal trebukklarvar ("vedmakk") vera noko av det beste.

Auren er nok lettast å få på ein agna mormyskha. Tidleg på sesongen er det best å fiske i nærleiken av gytegrunnane til røya (røyavarpa). Utover vinteren bør ein fiske litt djupt. Mot kvelden, særleg på våren kan ein også få fisk heilt oppunder isen. Som agn kan ein bruke vanleg makk eller maggot.

Utstyret til pilkefiske elles kan variere fra enkle plaststikker til supermjuk stengar og lita snelle med brems. Det er vanleg å bruke fleire stengar samtidig, gjerne med nappindikator. Isboret bør vera skarp, da det kan bli ein del hol i løpet av dagen. Og på mange av fjellvatna kan isen vera bortimot meteren tjukk.

## Dorging

I dei fleste vatn er det fint å dorge frå kano. Kanoen glir lett i vatnet og skremmer fisken lite. Bruk vanleg slukstong som festast i ein stonghaldar. Sena bør vera noko tjukkare enn til vanleg fiske, gjerne 0,25 - 0,30 mm. Slanke flytewobblarar; små (5 - 9 cm) om dagen og større om natta, med naturleg duse fargar. La wobblaren henge 30 - 40 m bak båten, og varier farten og retninga. Hald ganske god fart og hugs hov og redningsvest.

I dei største vatna kan også bruk av meir spesialiserte innretningar vera aktuelt, som til dømes planerboard, djuprigg eller paravans. Dette er innretningar som skal få reiskapen ned i djupet og/eller bort frå båten. Eit enklare alternativ er eit pæreforma blysøkke med svivel som blir festa med gummidrikk på sena ca ei stonglengde framfor wobblaren. I tillegg til wobblar kan devonsluk, skeisluk og makkdirag vera brukbart til dorging.



## Fiskeknutar

"Fisking er ein sjukdom det ikkje gjeng an å lækje. Det beste ei kone kan gjera med saka er å syte for at pasienten har det bra!" - Corey Ford.

Det finst mange knutar å velje mellom. Som regel er det i knuten at sena vil ryke, men det finst faktisk unntak! Hugs å fukte lina før du knyter. Det har vist seg at knytting med tørr sene fører til ein temperaturstigning i sena som kan redusere brotstyrken med opptil 30 %. Litt lynlim på knuten kan betre brotstyrken vesentleg.


### Blodknuten

til å knyte to senestubbar saman:




### Nåleknuten

til å feste fortuum og bakline til flugesnøret:



### Loopknuten

til å lage lykkjer for skifte av fortaum med vidare:



### Dobbel slukknute:



### Knute til feste av fluger



*"Memory is especially merciful to fishermen" - Leonard Wright.*


I gjellene, slimet og i buken vil det alltid finnast bakteriar. Derfor bør fisken sløyast så snart som råd. Enkelte stader kan fisken vera infisert med parasittar, mellom anna ein rundorm som ligg i væskefylte gule blærer i bukhola. Dersom ein ventar med å reinskne fisken, vil den glatte og raude, litt stive makken lett kunne krype over i kjøttet.

Alt som kjem i kontakt med fisken må vera så reint som mogleg. Det gjeld hender, bytter, skjerebord med meir. I staden for å slå fisken i hel bør han bløggast, slik at blodet får renne fritt ut av muskulaturen.

Reinsk fisken ved å skjere opp buken frå gattopninga og fram til hovudet. Skjer hovudet nesten av frå nakken og ned. Bryt hovudet ned og dra hovud med gjeller og innvollar bakover. Med litt øving kan du nå få både hovud og innmat ut av fisken i ein operasjon. Brystfinnane og litt av kjøtet følgjer gjerne med, men det gjer ingenting. Blodranda som er att i buken fjernast med hjelp av ei teskei eller med tommelfingernaglen.

Fisken bør helst ligge mørkt og kjøleg. Ei korg med lok er fint, eller ei never-skreppe. Dersom det vil ta litt tid før ein får brukha fisken eller lagt han i frysen, kan ein strø litt salt i buken på han og legge han i eit spenn som kan stå nede i ei myr eller i vatn.

Det vanlegaste er å fryse ned fisken i porsjonspakningar, gjerne i vatn. På det viset kan ein fryse ned fisken i mjølkekartongar fylt med vatn, eller la fisken fryse først og så dyppe han i vatn slik at han får eit islag utvendig. Det er også vanleg å salte ned fisk eller legge han ned som rakefisk. Her er det fleire tradisjonar. I Vest-Telemark er det vanleg å ha ein nokså salt rakefisk, nærmest som spekefisk. Det er også vanleg å bruke siken til fiskekaker.





# Fiskerettar

Ein kan lage mange fine fiskerettar. Her er nokre døme:

## SPEKEFISK SOM PÅLEGG

(frå Bergit Mikkelsen, Fyresdal)

1. La fisken henge til tørk i 24 timer. Del han så opp i filetar med skinnet på.
2. Krukka må vera rein (koka). Legg salt i botnen.
3. Gni filetane godt inn med salt (ikkje jod) og legg i krukka, det første laget med skinnet ned, neste lag med kjøt mot kjøt, så skinn mot skinn osv. Siste laget skal ha skinnet opp.
4. Ha matpapir rundt på toppen og set det heile under press ved å sette eit glas fylt med vatn eller singel oppå krukka.
5. Plasser krukka på ein mørk og kjøleg stad og sjå etter.
6. Speketid ca 3 månader.

## SIKKAKER

*Ingrediensar:*

*Fisk!!, egg, potetmjøl, kveitemjøl, mjølk,  
male muskatnøtt, peppar, salt, graslauk.*

1. Fileter mykje fisk. Skjer gjerne vekk dei grovaste beina for å sleppe å la det gå fleire gonger gjennom kjøkkenmaskina.
2. Køyr 200 og 200 gram gjennom maskina. Mal all fisken ein gong utan å ta i noko anna.
3. Køyr igjennom maskina ein gong til, denne gongen saman med litt mindre enn 2 dl mjølk og 1 egg pr 200 gram.
4. Lag røre med 1 ss kveitemjøl, 1 ss potetmjøl, 1 ts salt og  $\frac{1}{2}$  ts peppar pr 200 gram fisk. Ha også i resten av mjølka (ca 2 dl pr 200 gram fisk). Tilsett "litt" male muskatnøtt og klypp oppi litt graslauk. Røra er nå blitt glatt og fin og klar til å steike opp fiskekaker av.

# Fiskerettar

## STEIKT SMÅAURE

(frå Fiskefeber)

*Ingrediensar: Liten aure, rjome, salt og krydder.*

1. Reinsk auren, fjern hovudet og klypp av finnane.
2. Sleng fisken i ei panne med mykje smør. Steik han godt på begge sider på sterk varme. Demp så varmen og la han godgjera seg litt lenger. Dersom fisken krullar seg i panna så trykk han ned igjen.
3. Når auren er ferdigsteikt kan ein lage til litt rjomedipp. Bland i salt og kvit/sitron peppar. Hell over rjomen og la det surre eit par minutt, men ikkje så lenge at rjomen forsvinn eller tørkar inn.

## VILL SIK

(frå Aketun Fisk, Fyresdal)

*Ingrediensar:*

*( 4 personar)*

*600g sikfilet, smør, mjøl, salt,  
peppar, ½ l mjølk, 10 - 12 brunostskiver*

1. Fileter siken skinnfri og del i passe porsjonsbitar.
2. Vend bitane i mjøl med salt og peppar.
3. Steik i varm smurt panne.
4. Ta fisken ut av panna.
5. Hell ca. ½ l mjølk i panna saman med 10-12 brunostskiver og gjerne litt krydder etter smak.  
La dette koke opp.
6. Legg fisken tilbake i panna for servering.  
Steik eventuelt lauk med fisken.

Kokte poteter og grønsaker er godt til!



Fyresdal har vore sterkt råka av sur nedbør, som mot slutten av 1970-talet hadde ført til at fisken var utrydda i meir enn 90 % av fiskevatna på austsida av Fyresdal. Frå først på 90-talet har Staten gått inn med større løyvingar til kalking, og det er nå blitt kalka mellom 90 og 100 vatn. Dette har også gitt tydelege verknader for andre vatn, slik at ein nå har fått levelege vilkår for fisk i alle delar av bygda. I 1997 blei også heile Fyresvatn kalka. Saman med kalking av Nisser har dette ført til ein jamnare og betre vasskvalitet nedover heile vassdraget til Arendal.

Fordi vasskvaliteten på grunn av kalking er blitt så mykje betre, har også fisken i mange tilfelle betre formeiringsvilkår enn nokon gong i nyare tid. Dette har gitt nye utfordringar ved at fiskebestanden nå ofte kan bli for tett. For å betre kvaliteten på fisken er det derfor sett i gang tiltak som tynningsfiske med garn og storuser og bygging av vandringshinder i bekkane. Tiltaka blir finansiert gjennom sal av fiskekort.

Fyresdal har ei aktiv fiskeforvaltning. Fiskelaga har ein felles overbygnad i Fyresdal fiskefond, med fast sekretariat hos Faun Naturforvaltning i Fyresdal. Fiskefondet - samarbeider med Fyresdal kommune om fisketiltaksplan og marknadsføring av fiske.

### UTSAL AV FISKEKORT FOR FYRESDAL FISKEFOND

Turistinformasjon	Fyresdal sentrum (1)
Fyresdal Sport og Fritid	Fyresdal sentrum (1)
Fyresdal Vertshus	Fyresdal sentrum (1)
Airparc Fyresdal Hotell	Fyresdal sentrum (1)
Moland Auto	Fyresdal (2)
Joker Grunnvik	Fyresdal (2)
Shell - Bondal AS	Moland (2)
Heggland daglegvare	Hegglandsrend (2)
Hauggrend Landhandel AS	Hauggrend (3)
Fossum kurs- og feriesenter	Hauggrend (3)
Roan hytter og camping	Hauggrend (3)
Butikken i Birtedalen	Øvre Birtedalen (4)
Øyne camping	Kilegrend (5)
Aketun Fisk	Fardal (6)
Fjone Landhandel	Fjone
Jakt og friluft	Arendal, Stoa

## SALGSTADER FISKEKORT



### FISKEUTSTYR

[Fyresdal Sport og Fritid](#)

[Fyresdal sentrum \(1\)](#)

[Turistinformasjon i Fyresdal](#)

[Utleige \(1\)](#)

[Aketun Fisk](#)

[Fardal \(6\)](#)



Denne fiskeguiden er utarbeidd som eit fellestiltak i BESST- prosjektet, der Fyresdal er med som partner. Verksemndene som er med i BESST-prosjektet er presentert i foldaren som ligg vedlagt på denne sida. Her finn du ein oppdatert oversikt over kven som er med og kva dei kan tilby deg!

For meir informasjon ta kontakt med:

**Fyresdal Turistinformasjon**

3870 Fyresdal

Tel.: 35 06 71 00

Fax: 35 04 12 03

[www.visitfyresdal.no](http://www.visitfyresdal.no)



Vi gjer merksam på at alle som går turane gjer dette på eige ansvar. Sørg for å ha rett og tilstrekkeleg utstyr, ta med omsyn til vær- og føreforhold. Ta med mat og drikke og ha alltid kompass med på tur.

### Aktuelle kartblad:

Fyresvatn 1513 II

Bandak 1513 I

Dalen 1513 IV

Grøssæ 1513 III

Gjøvdal 1512 I

Bygland 1512 IV



Interreg North Sea Region

### Ansvarleg utgjevar

BESST-prosjektet, Fyresdal,  
Noreg, [WWW.BEST.ORG](http://WWW.BEST.ORG)  
Juli 2005

### TEKNFORKLARINGAR FOR KART

- Sti
- - - AOT-turistløype
- Traktorveg
- Privat veg
- Gard
- Bolighus, sæter, hytte
- Elv
- Vatn
- Skogområde
- Dyrka mark
- Myr

### Fagleg innhold

Faun Naturforvalting AS,  
Fyresdal

### Trykk og Design

NANS design og printing,  
Fyresdal

### Fotografi

Halvor Tveraaen  
Helge Kiland  
Kathrin Hinz  
Knut Agnar Vik  
Lars Erik Gangsei  
NANS design og printing  
Reidar Bratsberg  
Sigurd Skomedal  
Tordis Brevik

Kartgrunnlag : Statens Kartverk  
Lisens : Mad 12002-110



### Fyresdal Turistinformasjon

Tel.: +47 35 04 14 55

[www.visitfyresdal.no](http://www.visitfyresdal.no)

### Utanom sesongen:

Fyresdal kommune

Tel.: +47 35 06 71 00

Fax: +47 35 04 12 03



# BESST

Business and the Environment  
linked through  
Small Scale Tourism